

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018**

Under overkskrift **Fylkeseldrerådet: eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen** vart rådet samd i at ein byt ut «ønskjer å» med «skal» i første setning, samt endrar «opplæringskurs» til «opplæring» under punkt A.

**Odd Himle (SN-H)** sette fram slikt forslag til endring av pkt. D:

«Fylkeseldrerådet vil også på eige initiativ gi innspel og engasjera seg på område som fylkeseldrerådet meiner er viktige for dei eldre i Hordaland fylkeskommune.»

### **Røysting**

Himle sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

**Inger Lingjerde(PF)** sette fram slikt forslag til endring under ansvarsområde **1/Samferdsle** pkt. C, c:

«delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt, slik at rådet blir representert i alle prosjekt/byggeplanar i fylkeskommunal regi.»

Inger Lingjerde skriv forslag til brev til eigedomsavdelinga med kopi til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne med ynskje om å vera representert i komitear for fylkeskommunale bygg.

### **Røysting**

Lingjerde sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

**Odd Himle (SN-H)** sette fram slikt forslag til endring av pkt. E:

«Fylkeseldrerådet tilrår at Fylkeskommunen i samarbeid med Trygg Trafikk fokuserer på trafikksikringstiltak for utsette grupper.»

**Odd Himle (SN-H)** sette fram slikt forslag til endring av pkt. F:

«Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle haldeplassar har leskur, som gir ly for vind og regn, godt lys og markering for fotgengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstigning.»

### **Røysting**

Himle sine forslag under punkt E og F vart samrøystes vedtatt.

Gunvor Riim Opedal (PF) sette fram slikt forslag til endring av pkt. G:

«Fylkeseldrerådet vil oppmuntra dei lokale eldreråda til å søkja om midlar til trafikktiltak særleg retta mot born og eldre.»

### **Røysting**

Opedal sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

**Gunvor Riim Opedal (PF)** sette fram slikt forslag til endring av pkt..b under ansvarsområde **2/Fokehelse og tannhelse:**

«oppmoda om at økonomisk støtte til aktivitetstiltak for eldre (etter søknad) i regi av kommunale eldreråd eller organisasjonar blir lagt inn i fylkeskommunen sitt budsjett.»

### **Røysting**

Lingjerde sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Fylkeseldrerådet vart samd i at pkt. C under **5/Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon** går ut.

**Tore Svendsen (FL A/SP/SV)** sette fram slikt forslag til endring av pkt. D:

«Det vert oppretta kontaktperson for dei enkelte regionane:  
Voss/Hardanger, Sunnhordland, Bergen m/omegn, Nordhordland.»

**Gunvor Riim Opdela (PF)** sette fram slikt forslag til endring av pkt. D

«Fylkeseldrerådet vil arbeida for god kontakt med dei kommunal eldreråda bl.a. ved å sende elektronisk informasjon om komande møte og protokoll til dei lokale eldreråda.»

#### **Røysting**

Svendsen sitt forslag fekk 2 røyster (FL A/SP/SV og SN-H) og fall.  
Opdal sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

**Odd Himle (SN-H)** sette fram slikt forslag til endring av pkt. a under **7/Eit aktivt Fylkeseldreråd:**

«ta meir kontakt med media, til dømes ved å bruka lokal- og regionsaviser.»

#### **Røysting**

Himle sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek handlingsplan for fylkeseldrådet 2016-2019, slik den ligg føre med dei endringane som kom fram i møte.